Kvinnheringen

Strålande reise i Vamp-land

FYRVERKERI. Vamp-konserten var eit fyrverkeri av lyd og lys. (Foto: Jonn Karl Sætre)

Konserten med Vamp i Kulturhuset fredag kveld vart ei minnerik oppleving, både for ein fullsett sal og musikarane.

02.09.2006

FELEMANN. Øyvind Staveland i kjent positur med fela. (Foto: Jonn Karl Sætre).

Då vampane hadde tørka sveitten og fått kvilt seg litt etter halvannan time på scenen, gav dei uttrykk for det gud og kvarmann følte; at kontakten mellom sal og scene var til å ta og føla på.
– Dei opplevde publikum som ein varm vegg og tykte det var ei flott oppleving, sa dagleg leiar av Kulturhuset, Terje Fonneland, etter konserten.
Men det er å byrja i feil ende – etter at Vamp hadde gjennomført ein tvers gjennom proff konsert.
Musikarane oste av entusiasme og speleglede, frå Øyvind Staveland hoppa inn på ein mørklagd scene og drog i gang det heftige opningsnummeret «Har du sagt A, så har du sagt A», til det vare avslutningsnummeret «Høytflyging».
Mellom desse ytterpunkta, tok musikarane den fullsette salen (460 personar) med på ei musikalsk reise i kjent Vamp-landskap.
– Vi kjem til å syngja om sommaren, om å elska, om havet og om horisontane – og då vart de nok overraska! sa ein munter Staveland, etter at folk hadde fått blåst hovudet tomt for alt anna enn Vamp av opningsnummeret.
Og sjølvsagt har Staveland rett; tekstane til Vamp handlar om nett desse tinga, anten dei er nye eller gamle.
Konserten baud på gammalt og nytt. Alt i ei salig blanding av kyst, hav og kjærleik; eit landskap vi vestlendingar er vane med å manøvrera i.
Av og til i viltre stormkast, som i «Månemannen», der Staveland maltrakterte fela som bogebusta fauk.
Andre gonger i vare, stillferdige bølgeskvulp, som i «Denne uro», med vokalist Vidar Johnsen si intense stemme til ein klimprande gitarstreng. Alt kledd i Vamp sitt særmerkte, irsk-inspirerte lydbilete.
Då konserten nærma seg slutten og Vamp baud på sjølve varmerket, «Tir n'a Noir», vart den møtt med stormande jubel og deretter stående applaus.
Etter det var det ingen som sette seg. Stående song 460 med på ekstranummeret «Hønsehus i hagen», og stående snufsa dei same 460 seg gjennom tårepersa «Høytflyging» som andre ekstranummer.
At vampane til slutt overlet høgtalarane til Ivar Medaas og «Dar kjem dampen», var som det skulle vera.
Det var ei verdig avslutning på ein strålande, vestlandsk kveld.

Les meir i papirutgåva.
Sjå fleire bilete frå konserten på «biletserie».

Aasmund Taarn Sande
aasmund@kvinnheringen.no